



Trond Moberg
Alverneset 24
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4473 - 14/18022

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
12.08.2014

Dispensasjon og løyve til tiltak - gbnr 58/147 Lygre indre - utviding av garasje

Delegert vedtak:

1. Med heimel i plan-og bygningslova § 19-1 jf § 19-2 og grunngeving i saksvurderinga, vert det dispensert frå pbl § 11-6 (LNF i kommuneplanen), for oppføring av tilbygg til garasje.

2. Med heimel i plan-og bygningslova § 20-2 vert det gjeve løyve til oppføring av tilbygg til garasje på følgjande vilkår:

2.1 Tiltaket skal utførast etter teikningar mottekne 15.05.2014

2.2 Tiltakshavar er ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, (SAK § 12-1, TEK kap10).

2.3 Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at søknad om dispensasjon er godkjent, elles fell dispensasjonen og løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år, jf pbl § 21-9. Fristane kan ikkje forlengast.

2.4 Tiltaket må ikkje takast i bruk før ferdigattest, eventuelt mellombels bruksløyve er gjeve, jf pbl § 21-10

Søknaden

Det er søkt om utviding av eksisterande garasje og samanbygging med bustaden. Garasjen får etter ombygginga BYA på 50 m² og det vert eit overbygd aral med 14 m² BYA mellom bustad og garasje.

Planstatus

For denne bustadeigedommen er det den gamle kommuneplanen av 30.03.2003 som gjeld (ny kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden er under arbeid). Arealføremålet er LNF. Bygningen ligg meir enn 100 m frå sjøen.

Forhold til naboar

Naboane er varsla. Det har ikkje komme merknader.

Andre styresmakter

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg som i utgangspunktet er 50 m for fylkesveg etter veglova. Statens vegvesen svarar at det ikkje trengst dispensasjon. I gjeldande rammeplan for byggegrensar langs riks- og fylkesvegar er det for fylkesveg 404 vedteke ei byggegrense på 15 meter frå vegmidte. Omsøkte tiltak ligg meir enn 15 m frå vegmidte og treng såleis ikkje dispensasjon.

Dispensasjon

Det er søkt om dispensasjon frå føresegnene i kommuneplanen pkt. 3.1, som forbyr bygging i LNF - område.

Etter PBL kapittel 19 skal fordelane vera klart større enn ulempene ved tiltaket for å kunna gje dispensasjon. Som grunngeving for dispensasjon vert ført at tiltaket er på ein "eigedom som er bygd på", som tidlegare inngjekk i planen som byggeområde etter § 3.1 i føresegnene til kommuneplanen.

Vurderinga av det aktuelle byggearbeidet er at det ligg innanfor dei kriteria som ligg føre i rutinemal av 9. desember 2008, handsama i plan- og miljøutvalet i sak nr 121/09 og kommunestyret i sak 28/09. Etter dette vedtaket skal det ikkje krevast dispensasjonsgebyr i slike saker.

Moment som talar mot godkjenning:

- Den vedtekte arealbruken i kommunedelplanen, som er LNFR.
- Dispensasjonar kan i mange saker føra til uheldig presedens

Moment som talar for å godkjenna søknaden:

- Tiltaket er på ein "eigedom som er bygd på", som tidlegare inngjekk i - kommuneplanen som byggeområde etter § 3.1 i føresegnene til kommuneplanen.
- Tiltaket vil ikkje forstyrre landbruksdrifta, kulturlandskapet, naturmiljøet eller andre interesser som kommuneplanen er meint å ivareta.
- Bustad/garasje er ikkje i særleg grad eksponert mot den indre farleia.

Konklusjon:

Etter administrasjon si vurdering er det overvekt av moment som talar for godkjenning av søknaden om dispensasjon, i samsvar med pbl § 19 -2. Administrasjonen har drøfta saka og er innstilt på å gje dispensasjon frå arealbruken i kommuneplan, og finn at godkjenning av søknaden ikkje vil få vesentlege arealmessige følgjer, og at godkjenning av søknaden ikkje kan skapa uheldig presedens eller på anna måte svekka den nye arealdelen som styringsreiskap. Etter ei samla vurdering kjem administrasjonen til at fordelane med å gje dispensasjon er større enn ulempene, jf. kravet i plan- og bygningslova sin § 19-2.

Vurdering av miljøkonsekvensar:

Tiltaket vil ikkje ha vesentlege konsekvensar for arealdisponering, natur og friluftsliv i området.

Klage

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentlig forvaltning. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ (2012-satsar). Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

10	Søknadsploktige tiltak (Pbl kap. 20)	Sats	Tal	
10.31	Tiltak utan ansvarsrett pbl § 20-2	6.200	1	6.200
9.1.3	Dispensasjon			0
SUM				6.200

Gebyret skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan settast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage på gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal grunngjevast.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Trond Moberg

Alverneset 24 5916

ISDALSTØ